



Arkivnr: 2018/14702-5

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		16.01.2019
Fylkesutvalet		31.01.2019

## Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Skjeggedal - Tyssedal - Odda

### Samandrag

Fylkeskommunen har motteke søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal - Odda. Med vekt på at fylkesutvalet har vist seg positive til konkurranse mellom kommersielle ruteløyve, og at ein ikkje kan sjå grunnlag for å gjere unntak frå prinsippet om likskap i forvaltninga i denne saka, rår fylkesrådmannen til at søknaden vert imøtekomen

**Økonomi:** Ingen verknad.

**Klima:** Ingen verknad.

**Folkehelse:** Positiv verknad dersom vedtaket leiar til auka fotturisme.

**Regional planstrategi:** Ingen verknad.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Taxi/Bus Odda AS ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal – Odda.
2. Taxi/Bus Odda AS skal ikkje utføre rutetransport mellom Tyssedal og Odda når Skyss har rutetilbod der.
3. Fylkesutvalet oppmodar Taxi/Bus Odda AS til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i rutetransporten.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.12.2018

### Bakgrunn

Fylkeskommunen har i brev av 24.09.11 frå Taxi/Bus Odda AS<sup>1</sup> (TBO) motteke søknad om ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal - Odda. Søknaden skal handsamast av fylkesutvalet. (Sitata i saksframlegget er skrivne slik dei står.)

### Søknaden

TBO grunngjev søknaden med «økt turisme». I søknaden heiter det vidare m.a følgjande:

[...] Vi mener at dette er et behov, sett ut ifra våre erfaring i 2018, der vi har hatt tilgjengelige avgangstider fra Odda til skjeggedal på forhåndsbestilling [...]

Vi har fått signaler om vi ikke hadde vært til stede i 2018, ville Odda Kommune hatt store problemer å frakte turistene fra Odda til skjeggedal [...].

Vedlagt søknaden er ei fråsegn frå Trolltunga AS, der det m.a står følgjande:

Turiststrømmen til Trolltunga er i stadig vekst. Dette krever god kapasitet i mottaksapparatet. [...] Det har vist seg helt nødvendig å ha flere transportører for å framstå som et godt vertskap for turistene.

Vi opplever [...] at det mangler noe på regulariteten og oppfølgingen med hensyn til å gi turistene et tilbud som er tilfredsstillende. [...]

Vi ser det som helt nødvendig å ha minst to hovedtransportører for å få et godt transporttilbud til turistene som skal fra Odda og Tyssedal til skjeggedal og retur til disse stedene. Taxibus Odda er her et godt supplement [...].

I samråd med administrasjonen er det avtalt at TBO kjem attende med konkrete forslag til rutetider og takstregulativ.

### Høyring

I brev av 03.12.18 frå Odda Taxilag AS heiter det m.a følgjande:

Odda Taxi har rutekonsesjon [...], de [TBO] stjeler passasjerer fra oss hver dag, folk står å ser på at Taxi Buss stopper på våre oppsatte stoppesteder etter offentlig ruteoppsett, de har i 2 år drevet å kjørt 5 min før mi første rute om morgenen og 15 min før vår andre rute om morgenen [...]

Vi har en stor buss som laster 72 personer + 3 stk minibusser [...] og 2 stk 7 seter taxier ...og vi har 6 taxier [...], vi ønsker og sette opp rute [...] til Skjeggedal hver halve time fra 0600 om morgentil 1200 på form ...vi i Odda Taxi har ingenting i mot at det kommer andre selskaper men da må de følge lover og regler [...]. De [TBO] har kjørt samme rute som Odda Taxi har rutekonsesjon på og stoppet på alle stoppeplassene våre og tatt de personene som har venta på bussen til Odda Taxi. [...]

[...] Pr dags dato er det nok med 1 taxisentral i Odda Odda Taxi greier fint å holde unna turismen om sommeren. [...]

Søknaden er sendt på høyring til Odda kommune. Kommunen har ikkje kome med fråsegn i saka.

### Saksopplysningar

Odda Taxilag AS (OT) har i dag ruteløyve for same strekning som den omsøkte. Ruteløyve gjev ikkje einerett. Ruteløyve som vert tildelt gjeld i 10 år. Som vilkår for OT sitt ruteløyve er sett at transport mellom Tyssedal og Odda ikkje skal finne stad når Skyss har rutetilbod der.

---

<sup>1</sup> Org.nr 918 548 157.

Transporten som OT gjer gjeldande at TBO har utført er lovleg, så lenge den ikkje er kunngjort som rutetransport. Fylkesrådmannen har elles ikkje funne grunn til å sjå nærmare på faktaframstillingane som er mottekne.

Fylkesrådmannen har registrert via media at det er sterk vekst i talet besøkande på Trolltunga.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Det er eit ålment prinsipp i offentleg forvaltning at like saker skal handsamast likt, såframt det ikkje er sakleg grunnlag for å gjere skilje. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det ligg føre slikt sakleg grunnlag for skilje.

Fylkesutvalet har tidlegare opna for direkte konkurranse mellom kommersielle ruteløyve. Det er positivt for kundane dersom det leiar til auka frekvens og/eller konkurranse på pris og komfort, men negativt dersom det på sikt gjev eit dårlegare tilbod til publikum. Fylkesrådmannen har ikkje haldepunkt for å frykte det siste.

For arbeidstakarar er konkurranse positivt dersom det leiar til fleire arbeidsplassar, men negativt dersom det leiar til dårlegare arbeidsvilkår for dei som allereie er tilsette. For samfunnet er det generelt positivt dersom styrka rutetilbod fører til at reisande nyttar buss i staden for privatbil.

Med vekt på at fylkesutvalet har vist seg positive til konkurranse mellom kommersielle ruteløyve, og at ein ikkje kan sjå grunnlag for å gjere unntak frå prinsippet om likskap i forvaltninga i denne saka, rår fylkesrådmannen til at søknaden frå Taxi/Bus Odda AS vert imøtekomen på same vilkår som Odda Taxisentral AS sitt no gjeldande ruteløyve.